

— Lagsblad —

Nr. 7

Desember 1930

13 året

Kva er det me ventar på?

I lagsbladet sitt oktober nr. er ein „lagsmann“ ute med eit stykke under denne titel, og eg lyt segja eg las det med interesse og forvitne.

Det var då både velskrive og aktuelt. På same tid var det ein god mun djervt skrive. „Lagsmann“ ser stoda slik ho no ein gong er, og bed lagsfolk vera med og drytta stoda. Her skal verta veg i vellinga tenkte eg!

Kva hender so?

Jau, Bjarne Stangeland svarar med å stempla det som „negativ kritikk?“

Her kjem „lagsmann“ og segjer på ein pynteleg måte at styret søv — B. S. vaknar opp, slær eit slag i lufti og endar med: „Me ventar framleides,“ og legg seg med det trykt på puta att, — — og blundar samvitslaust inn att.

Eg lyt spyrja: Kvifor hev me eit styre? Her vel me kvart år dei beste millom lagsfolket inn i

styret. Dette gjer me vel for at nett dei skal „syna oss vegen til løysing“ av oppgåvone, — og — løysa dei!

„Lagsmann“ nemner fleire større og mindre oppgåvor for laget som burde løysast, og han segjer umlag dette til styret: „Legg i veg med — set i gang — iminsto ei av desse oppgåvene, eg lovar då for meg at eg hugheilt er med i arbeidet.“ Han bed endåtil andre lagsfolk vera med etter beste evne. Eg spør atter: (Ein tosk kan visst spyrja meir enn ti vise kan svara!) Er dette „negative ynskjer og negativ kritikk?“

Her trengst ikkje „råd for uråd“ etter mi meining, for her er ikkje noko „uråd“ — anna enn vår eigj likesela og tiltaksløysa. -- Og evneløyse vil kanskje sume leggja til. Men er det ikkje nett det som stengjer for arbeidet — at me trur på vår eigj evneløysa!

Eg trur evnone vilde stiga i sam-

høve med oppgåvone. Ingen veit styrkjen av evna si før evna er røynt.

„Merg skal i mann vera. Skebeit skal han standa,“ segjer Ivar Mortensson.

Eg veit elles ikkje av at laget hev teke på ei oppgåva som det ikkje hev evna føra fram? Og eg trur endå so fjerre godt um styret at det magtar oppgåva si når det ber i herdingi. Alle er då — visst samde um at der sit mange dugande og norskhuga menn i styret.

Eg skal ikkje føra upp fleire oppgåvor på „ynskje“-lista enn dei „lagsmann“ kom med — endå her er nok av dei. Det vart so berre „negative ynskjer“ og „andsvarslaus kritik“ korsær, og det er som me hev høyrte „meir til mein enn til gagn!“

—r—r.

Ryfylkemålet.

Lektor Per Thorson si bok um Ryfylkemålet er no komi i handelen. Ho kostar kr. 1,25 i bokbuene. B.u.l. var med og ytte pengar til utgjeving av dette verket, og no hev me fenge fyrespurnad um me vil kjøpa ein slump.

Boki er greid og populært skrivi, so kvar og ein utan stræv kan setja seg inn i dei ymse skilnader i dialektene i Ryfylke, og det skulde kvar einaste ryfylking ha interesse av. Dersom boki vert kjøpt gjennom B.u.l. kostar ho 1 kr. Skri-

varen tek mot tingingar, og det vilde vore gildt um alle ryfylkingar i byen kjøpte boki — ikkje berre for boki si skuld, men for å syna forfattaran det vyrdnad han fortener.

T. V.

Sjølvmeldingar.

No er snart tidi inne til å „gjeva seg upp“ til likningi. Me veit alle at me kan få skjema på nynorsk til dette. Det er då naturlegt at me som nyttar ny-norsk ogso måtte få skattesetlar på same målføre. B.u.l. søkte um det ifjor, men fekk ikkje svar.

Me vil no beda alle lagsfolk nytta sjølvmelding og få fleire med seg, for då vil ein ny søknad vega meir, og det kan verta større von um at me ogso kan få skattesetlane på vårt eige mål.

Ridaros-Trondhjem.

Vestlandske Mållag har gjeve ut ei skrift av Nikolaus Gjeldsvik: Dansk kolonisamfundsånd og Trondhjemsagitasjonen. Det kostar kr. 0,40 for stykket. Heftet er soleis at det bør koma inn i alle heimar. Soleis som i dette hev aldri kolonisamfundsåndi vore analysert fyrr. Det borgar ogso forfattarnamnet for. Skrivaren tek mot tingingar. Skunda deg og tinga det, og du vil få full klårleik yver det låke og usanne i agitasjonen som vert driven imot det norske i Noreg. Heftet inneheld ogso „Grunnsetningane i ei lov um Nynorsk til einaste riksmål.“

T. V.

Kva er det me ventar på?

Herr B. S.

Eg skal ikkje ofra mange ord på Dykkar stykke av fleire grunnar.

Tanken med mitt innlegg var å få eit ordskifte um dei ymse saker, og ikkje som B. S. um negativ og positiv kritikk.

B. S. talar um synd og skam på meg og laget. Tak det med ro B. S., so gale har hendt fyrr at dei har lote prikk på både form. og styret, utan at dei hev teke noko sers skade av det.

Til slutt lyt Du orsaka at vanlegt folk legg seg ut i slikt dei ikkje hev med.

Lagsmann.

Hovudmøtet

vert torsdag den

Utanum dei vanlege meldingar, reknskap og val ligg fyre loven-dringar.

Vanleg plar det vera valet som samlar størst interesse. Me veit ikkje um det iår er noko serleg ynskje um større umbyte i styret, men noko byte vert det vel. Det er bra folk som gjeng ut av styret, men litt byte gjer godt, og det er mange gode emner til nye styres-lemer i laget.

Elles er det å segja, at året

som gjekk var bra etter tilhøvi. Me vil no korkje klandra eller rosa styret. Dei hev havt den beste vilje til å bera laget fram. Og serleg vil me nemna at formannen hev synt stor interesse og havt ope auga for dei spørsmål som melde seg. Me kan synast at det ikkje gjeng so godt som det skulde, men det skal me ikkje alltid lasta formann eller styre for. Tiderne er ringe, liten tilgang på nye lags-folk, og dei eldre vert meir pas-ive. Pengemidlarne vart mindre, so det lyt sparast på alle kantar. So det er ikkje godt å krevja meir enn det er råd. Men sjølvsgt er det feilor ved lagsarbeidet, og styret vil visseleg ikkje hava noko mot at ein på hovudmøtet peikar på eit eller anna. Det er bra um lagsfolket kan koma med sakleg kritik op peika på utvegar.

Me vil takka styret for arbeidet i året som gjekk og vona at ny-året må gjeva sovel styret som lagsfolk eit friskt pågangsmot

Joletreffesten

nyårsafta var vellukka. Det var mykje folk samla, og serleg var det gledeleg å sjå mange eldre lagsfolk. Festen gav grunn til å vona at me ogso i framtidi fær den same tilskiping, nemleg jole-trefest istadenfor både joletreffest og nyårsfest.

Boksamlingi til B.u.l. er i 1930 auka med:

592 Amundsen, Roald : Opdagelser 3.

593 — — — 4.

594 Aukrust, Olav : Solrenning.

595 Balstad, Stein : I ditt ansikts sved.

596 Bråten, Oskar : I godt selskap.

597 Buul, Keilhau

Shetelig, Steen	:	Det Norske Folks Liv og Historie 1.	5.
598 —	:	—	—
599 Duun, Olav	:	Vegar og villstig.	
600 Elster, Kr.	:	Bonde Veirskjæg.	
601 Fønhus, Mikkjel	:	Fjellkongen	
602 Garborg, Hulda	:	Kornmoe.	
603 Gjengedal, Knut	:	Stengslor.	
604 Gløersen, Kari	:	Det roper.	
605 Gullvåg, Olav	:	Heimferd.	
Auklend, Jon	:	Erling Skjalgson.	
606 Hovden, Anders	:	Haust.	
607 Hamsun, Knut	:	August 1.	
608 —	:	— 2.	
609 Kræmmer, Elias	:	Evensen.	
610 Moren, Sven	:	I vårvinna.	
611 — Halldis	:	Morgonen.	
612 Nansen, Fridtjof	:	Over Grønland og Polhavet 1.	
613 Sandvik, O. M.	:	Norsk koralhistorie.	
614 Scott, Gabriel	:	Josefa.	
615 Sletto, Olav	:	Glør.	
616 Tvedt, Jens	:	Djup jord.	
617 Våge, Ragnv.	:	Porsvikfola.	
618 Vågslid, Eivind	:	Norsk Navnebok.	
619 Vesås, Tarjei	:	Fars reise.	
620 Vislie, Vetle	:	Livsvegar.	
621 Vogt, Ragnar	:	Den Freudske psykoanalyse.	
622 Mælandsmo	:	Waldemar.	
623 Det Norske Samlaget:		Syn og Segn 1926.	
624 Samtiden 1926	:		

Møtelista

for januar 1931:



- $\frac{8}{1}$: Fyredrag av A. O. Vollsnes: Frå ei Sverikeferd — Ljosbilæte.
Song av songarlaget. — Lagssaker.
- $\frac{11}{1}$: Bokkveld.
- $\frac{15}{1}$: Fyredrag av Arne Espeland.
- $\frac{23}{1}$: Fyredrag. — Lovframlegg.
- $\frac{20}{1}$: Årsmøte. — Meldingar, rekneskap, val.
- $\frac{5}{2}$: Val på faste nemnder, styre for utferdsstaderne og serlag.


Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger.

S. Undems Boktrykkeri.

Drikk

Varhaug

Kulturmilk




**Foto-
artikler**

Fremkalding - Kopiering

A. T. GREVE

Kirkegaten 8



NOREGS BOKLAG

Kristian den 4des gate 4
OSLO

er no målfolks bokhandel.

Tek imot tingingar og sender heile landet over.

Treng du bøker eller opplysninger um bøker, so skriv til oss.

Å handla med sin eigen samskpnad, det er å handla med seg sjølv.

RØKEARTIKLER

bør kjøpes i en specialforretning

Vi har det største utvalg
og priserne er rimelige

HAVANA MAGASINET A/S

Kirkegaten 1.

LIVSTRYGDELAGET ANDVAKE.

(Noreg — Island)

Alle slags livstrygging, gode vilkår. Andvake nyttar berre norsken i alt arbeid, og styd gode norsk måltiltak. Ålvorlege målfolk kjem difor meir og meir til det at det er til bate for både del sjøve og saki deira å ta trygdingane sine i

Andvake.

Agentar i Stavanger:

Gunhild Bjerkreim, Lars Bjørheim,
T. Goa, Alfred Løvik, Magnus Våge,

Matstova og Kaffistovorne

til BONDEUNGDOMSLAGET

er sjølv sagt rette staden for lagsfolk og andre
som vil stetta svolten eller kvila ei stund.

Alle slags smørbrød - Varme rettar - Middag på Matstova

*Ingen presenter
pryder og pynter
som blomster fra
Blomsterhallen*

O. THORSNÆS

KIRKEGATEN 42 - TELF. 3690

Alle slags skotøi

Billigt og godt! Gjør et forsøk.

Hele Rogaland

er firmaet

S. Gitlesen


— Østervaag 41 —

kjendt som billigst i

**Stentøi - Glas - Porselæn
og Petroleumslamper**

**MASKIN-
HUSET**

Indeh. Thorvald Veir
Bredgaten 9
Stavanger



»DURKOPP«



Presanger! Bryllupsgaver!

Alle slags SØLVSKER og GAFLER
moderne mønster samt
FORLOVELSESRINGE i største utvalg
(MALJER og NAALER til nasjonalbunad)

GULDSMED M. SOMA

ARNEAKEREN

TETEFON 765

GODT DRIKKA!

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, boco, søt og sur
saft, eplesaft, Vyrterøl frå Aktiebryggeriet (A. B. C.)


— Løna med fleire medaljor —

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

— KONGSGATA 36 —

Telefon
727 k



... og det er absolut avgjort at
«Okafon» reisegramofoner er de beste.

Selges kun hos:

H. T. RUUD A.S.

Kirkegaten 40

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og
Fedevarerforretning**

R. G. Klovning

Breigata 20 :: :: :: :: ::

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

A. Mauland A/s

Klostergaarden

Telefon 2645

Elektrisk Forretning

Radioapparater

KILOWATT

LARS BØ

ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING

Engelsmindegt. 15

Allslags elektrisk arbeid

Telefon. 3119 — Bø, bustad. 3113

A. IDSØE

Telefon . . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

**KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING :: ::**

ETABL. 1828

OLAV HAMRE

TELEFON 3440 — NYTORGET

Alle slag Tobakkvaror

Stort utval av

Sjokolade - Drops - Frukt

BRYNE

Jonas Jørstad

Bokhandel - Papirhandel

Fotografisk forretning

Musikkvarer

Framkalling - Kopiering

Råmeverkstad - Prentearbeid

Solo



Kr. 1.95 pr. kg.

Det beste

De fær for pengane!



Kr. 1.40 pr. kg.

STAVANGER SMØRFABRIK.